

# Forslag til planprogram for kommunedelplan naturmangfold – Vestnes kommune

Høyringsversjon oktober 2022



Vestnes  
kommune



midt i blinken

1	Innleiing .....	1
2	Mål og rammer .....	2
2.1	Hovudmål med planen .....	2
2.2	Planområde .....	2
2.3	Oppbygging av planen .....	3
2.3.1	Kunnskapsdel.....	3
2.3.2	Handlingsdel .....	3
2.4	Overordna føringar .....	4
2.4.1	Biomangfaldkonvensjonen .....	4
2.4.2	FNs naturpanel .....	5
2.4.3	FNs berekraftsmål .....	5
2.4.4	Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 .....	6
2.4.5	Regionale føringar .....	6
2.4.6	Andre sentrale lovverk .....	7
3	Viktige tema.....	7
4	Organisering av planarbeidet .....	13
4.1	Organisering av planarbeidet .....	13
4.2	Planprosess og medverknad.....	14


## 1 Innleiing

Naturmangfaldet er sjølve grunnlaget for menneskeleg eksistens. I tillegg til å ha ein eigenverdi, sikrar dette naturmangfaldet rundt oss ein rekke økosystemtenester som t.d. mat, medisinar, reinsing av luft og vann, karbonlagring, pollinering og rekreasjon. Naturen er i tillegg viktig i eit folkehelseperspektiv. Ved å oppretthalde eit rikt og diversitet artsmangfald, og fungerande økosystem får vi ein robust natur som sikrar oss desse livsviktige økosystemtenestene.

Naturmangfaldet er vidare vesentleg for både begrense og handtere klimaendringar. For sjølv om arealendringar i dag er den klart viktigaste årsaka til tap av natur, er det klart at klimaendringar i aukande grad påverkar naturmangfaldet. Me må difor i mykje større grad enn tidlegare sjå natur- og klimautfordringane i samanheng.

Noreg har gjennom FNs konvensjon for biologisk mangfald forplikta seg til å stanse tapet av biologisk mangfald. Som ei oppfølging av biomangfaldkonvensjonen la regjeringa fram naturmangfaldmeldinga ([Natur for livet - norsk handlingsplan for naturmangfold, Meld.St.14 \(2015-2016\)](#)), kor det blir slått fast at « *Ingen arter og naturtyper skal utsyrdes, og utviklingen for truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres*». Tap av natur grunna menneskeleg aktivitet truar ikkje berre tapet av artar, men òg naturen sin even til å levere dei livsviktige økosystemtenestene som vi alle er avhengige av. Å stanse tapet av naturmangfald er difor heilt essensielt.

Når vi omtalar naturmangfald i dette planarbeidet, meiner vi både biologisk mangfald (genetisk, arts- og naturtypemangfaldet), landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald. Sjølv om omgrepene naturmangfald har ei brei tyding, vil kommunedelplanen ha sitt hovudfokus på biologisk mangfald. I mange høve, legg dei geologiske og landskapsmessige tilhøva grunnlaget for det biologiske mangfaldet, planen vil difor likevel omtale desse der ein finn det relevant. Det vil difor ikkje alltid vere eit klart skille mellom dei tre definerte delane av naturmangfald i plandokumentet.



Arealendringar er den største negative faktoren for naturmangfaldet vårt. Og desse endringane skjer ofte gjennom beslutningar i kommunane si arealplanlegging. Kommunane har dermed eit særleg ansvar for å sikre berekraftig bruk og forvaltning av naturen, som er avgjerande for å stanse tapet av naturmangfaldet.

Miljødirektoratet har gjeve Vestnes kommune eit tilskot på kr 150 000,- til utarbeiding av kommunedelplan for naturforvaltning. I tildelingsskrivet frå Miljødirektoratet skal tilskotet nyttast til «*å utarbeide en egen kommunedelplan/temaplan for naturmangfold som et virkemiddel for å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden og etablere en lokal forankring og medvirkning i utvelgelsen av viktige naturområder i kommunen. Planen skal være utformet som en tematisk kommunedelplan*». Det er en føresetnad at planen skal vedtakast i løpet av 2023.

## 2 Mål og rammer


### 2.1 Hovudmål med planen

Hovudmålsettinga med planen er å auke natur- og artsmangfaldet og ta vare på naturen i Vestnes kommune gjennom berekraftig forvaltning og god arealforvaltning. Tapet av natur skal stanses.

Planen skal legge premissene for ein kunnskapsbasert forvaltning av naturmangfaldet som grunnlag i kommunen si virksomheitsplanlegging.

Planen skal bidra til framheve mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel, og gje viktige innspel og føringar til kommuneplanens arealdel.

Arbeidet med planen skal vere eit verkemiddel for å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden, og etablere ein større grad av lokal forankring og medverknad i valet av viktige naturområde i kommunen. Vidare skal planen styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative beslutningar i kommunen, skape forutsigbarheit for forvaltninga, grunneigarar og utbyggjarar og vere eit styrande reiskap for å synleggjere naturmangfaldet som ein ressurs for kommunen.



### 2.2 Planområde

Kommunedelplan for naturmangfald er meint å omfatte heile Vestnes kommune, jf. figur 2.

Samstundes, grunna manglande ressursar, tid og kunnskapsgrunnlag, kan det verte vanskeleg å skaffe seg naudsynt kunnskap for å kunne utarbeide både ein kunnskapsdel og ein handlingsdel i høve marinebunnssystem. Ein gjer difor merksam på at planområde kan verte innskrenka i til kun å gjelde landarealet i kommunen, jf. figur 3.

Eit anna moment er at det allereie er utarbeida ein juridisk bindande plan for sjøarealet i kommunen, *Interkommunal plan for Romsdalsfjorden 2017 -2024*.



Figur 2. Planområde som kommunedelplan naturmangfald i Vestnes kommune er meint å gjelde for.

For å kunne verdsette natur og vurdere eventuelle tiltak, kan det likevel vere aktuelt å vurdere enkelte naturtypar innanfor marinebunnssystem, spesielt der desse har stor betydning for

naturmangfaldet på land. Eventuelle temakart og illustrasjoner vil vise eksisterande situasjon både for sjøareal og ferskvatn.

## 2.3 Oppbygging av planen


Planperioden er satt til 12 år, gjeldende fra det tidspunktet planen vert godkjent. Planen er meint å bestå av ein kunnskapsdel (tematisk del) og ein handlingsdel.

### 2.3.1 Kunnskapsdel

Kunnskapsdelen (tematisk del) vil samle den eksisterande kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen i ein heilhetleg oversikt.

Kunnskapsdelen skal mellom anna peika på trua og sårbare artar, verdfulle naturtypar og område av lokal verdi i Vestnes kommune. Slike område kvalifiserer ikkje alltid til verdfull natur i høve gjeldande

kartleggingsmetodikk, men kan likevel vere viktige økologiske funksjonsområde. Planen vil òg vurdere naturtypar og artar av lokal og regional verdi. Dette vil danna eit kunnskapsgrunnlag både for planlegging og saksbehandling i kommunen og for befolkninga. Den samla oversikta over eksisterande kunnskap vil òg synleggjere kunnskapshol. Behov for ytterlegare kartlegging av natur blir då i hovudsak tiltak i planens handlingsdel, men det er forventa at noko kartlegging vil vere naudsynt i høve planarbeidet.



Figur 3. Kart over planområde. Skravur viser sjøareal i Vestnes kommune som i utgangspunkt ikkje er omfatta av planen, men som kan verte delvis omfatta av planen for å skape meir heilskapleg kommunedelplan.

Det er vidare ei målsetjing at all tilgjengeleg og kartlagde kunnskap om naturmangfaldet i kommunen, inklusive ny kunnskap innhenta i samband med planprosessen, skal systematiserast og gjerast tilgjengeleg i kunnskapsdelen av plandokumentet. Mest mogleg av kunnskapsgrunnlaget skal systematisk framstilla i kart, i den grad tematikken tillèt det. Kartfesting av data er viktig både for forvaltning og for formidling ut til publikum.

Kunnskapsdelen vil beskrive føringar, lovverk, status og utfordringar for naturmangfaldet vårt. Planen vil gi målsettingar, og eventuelt retningsliner, for korleis vi skal både fremje og ta vare på naturmangfaldet i Vestnes. Kunnskapsdelen vil rullerast kvart 8.år

### 2.3.2 Handlingsdel

Kunnskapsgrunnlaget ligg til grunn for handlingsdelen i planen. Handlingsdelen skal innehalde aktuelle tiltak og føringar for framtidig forvaltning, avdekke spesielt sårbare område, og peike på kunnskapshol der vidare kartlegging er naudsynt. Den vil også beskrive tiltak for dei viktigaste satsingsområda og utfordringane for naturmangfaldet i kommunen. Her kan det vere aktuelt å utarbeida tilhøyrande retningsliner. Handlingsdelen skal vera konkret og etterprøvbar. Tiltaka bør ha prioritert rekjkjefølgje og tidsramme for å sikra at politisk vedtak av planen blir forpliktande for prioritering av gjennomføring/finansiering.

Aktuelle tiltak i handlingsdelen kan t.d. vere:

- tiltak for arealplanen (t.d. omsynssoner)
- kva har vi kartlagt av naturmangfold i kommunen
- kartleggingsbehov
- restaurering av naturområder
- naturområder som kan vere eigna som kompenserande areal
- korleis skal vi sikre ivaretakelse av naturmangfoldet framover?
- kva område og artar er særleg viktig å ta vare på?
- fremje naturmangfold på kommunens eigne eigedommar/areal
- sjå på samanhengar mellom konsekvensar av lokale klimatiltak og arealbruksendringar, og kva konsekvensar dette har for naturmangfaldet (artar, naturtypar, økosystemtenester) og karbonopptak og lagring.

Handlingsdelen skal reviderast hyppigare enn temadelen det vil sei kvart 4 år.

Kulturmiljø- og kulturminne og friluftsliv vert ikkje ein del av planarbeidet. Kommunen har her enten eige planer, eller vil ved seinare høva laga temaplaner for desse.

## 2.4 Overordna føringar

Stortingsmelding 14 – Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (2015-2016 ) trekkjer fram betydninga av bruken av arealressursar som ein faktor for nedbygging og tap av norsk natur. Arealbruk og omdisponering av areal til t.d. veg- og bustadbygging, industri og næringsføremål er viktige for samfunnet, men er samstundes den faktoren som har størst innverknad på naturmangfaldet på land. Meld.St.14 beskriver korleis regjeringas politikk skal bidra til å ta vare på naturmangfaldet. Politikken vil bidra til nå nasjonale og internasjonale mål på området.

I forvaltinga av naturmangfald i Noreg legg regjeringa mellom anna til grunn kommunanenes kompetanse om naturmangfald skal styrkast og at forvaltinga skal vere kunnskapsbasert og treffsikker. Det trekkast fram som avgjerande at kommunane utøver sin rolle som arealforvaltar på ein god måte.

Noreg har 24 mål for miljø fordelt på områda naturmangfald, kulturminner og kulturmiljø, friluftsliv, forureining, klima og polarområda. Utviklinga målast ved hjelp av 82 miljøindikatorar. For naturmangfaldet er følgjande nasjonale mål sett:

1. Økosistema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester
2. Ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.
3. Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

### 2.4.1 Biomangfaldkonvensjonen

Å stanse tap av biologisk mangfald innan 2020 var eit felles, internasjonalt mål som Noreg forplikta seg til gjennom konvensjonen om biologisk mangfald (1992). Desse internasjonale måla, dei såkalla Aichi-måla, er implementert i Noregs nasjonale mål.

Konvensjonen pålegg alle medlemmane i FN å jobbe saman for å sikre naturmangfaldet på kloden vår. Konvensjonen har tre hovudmål:

1. å bevare klodens biologiske mangfald
2. fremje berekraftig bruk av ressursane
3. å dele godane av genetiske ressursar rettferdig

Forpliktelsene etter konvensjonen om biologisk mangfald er gjennomført i norsk rett i første rekke gjennom Grunnlova § 112 og naturmangfaldslova. Aichi-måla under biomangfaldskonvensjonen gjespeiles i dei tre nasjonale måla for naturmangfald, jf. kap 2.4.

#### 2.4.2 FNs naturpanel

FNs naturpanel (IPES) er eit globalt vitskapspanel. I sin hovudrapport frå 2019 konkluderte dei at det ikkje var mogleg å nå dei internasjonale Aichi-måla innan 2020. Éin million av anslagsvis åtte millionar dyre- og plantearter i verda er trua av utsyrdding. Ei utsyrdding so no skjer i eit mykje raskare tempo enn før (truleg mellom ti og hundre tusen gongar raskare enn kva som er naturleg) og årsakane er hovudsaklege menneskapte. I følgje Naturpanelet utgjer endra arealbruk, t.d. i form av nedbygging, oppdyrkning, eller meir intensive utnytting av område, ein større trussel mot verdas naturmangfald enn både overbeskatning, klimaendringar, forureining og spreying av framande artar.

#### 2.4.3 FNs berekraftsmål

Vestnes kommune skal legge FNs berekraftsmål til grunn i all samfunns- og arealplanlegging. FNs berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla utgjer ein global arbeidsplan som skal vise vegen mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

Figur 4 viser ein måte å forstå berekraftsbegrepet på. Den er delt i tre berekraftsdimensjonar; miljø, økonomi- og sosiale forhold. Desse dimensjonane må sjåast i samanheng og ikkje sektorisert. Det er uansett ikkje mogleg å sikre den sosiale eller økonomiske dimensjonen, viss vi samstundes ikkje tek vare på livsgrunnlaget vårt, naturmangfaldet. Berekraftsmåla innanfor klima og natur utgjer derfor eit grunnleggande fundament for å nå dei andre måla.

Å bevare naturen på land (mål 15 *livet på land*) og i vatn (mål 14 *livet i havet*) og motvirke klimaendringar (mål 13 *stoppe klimaendringane*) gjennom berekraftig samfunns- og arealplanlegging, er derfor sentrale oppgåver for kommunen i framtida. I samband med kommunedelplan for naturmangfald, finn kommunedirektøren at følgjande delmål under mål 14 *livet i havet* gjer seg gjeldande:



**Del mål 14.1:** Innen 2025 forhindre og i betydelig grad redusere alle former for havforurensning, særleg fra landbasert virksomhet, inkludert marin forsøpling og utslepp av næringssalter.



**Delmål 14.2:** Innen 2020 forvalte og beskytte økosystemene i havet og langs kysten på en bærekraftig måte for å unngå betydelig skadevirkninger, blant annet ved å styrke økosystemenes motstandsevne og ved å iverksette tiltak for å gjenoppbygge dem, slik at havene kan bli sunne og produktive.

I høve delmåla under mål 15 *livet på land* finn ein at følgjande mål gjer seg mest gjeldande:

**Delmål 15.1:** Innen 2020 bevare og gjenopprette bærekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer og tjenester som benytter seg av disse økosystemene, på land og i



*innlandsområder, særlig skoger, våtmarker, fjell og tørre områder, i samsvar med forpliktelser i internasjonale avtaler.*



**Delmål 15.2:** *Innen 2020 fremme innføringen av en bærekraftig forvaltning av all slags skog, stanse avskoging, gjenopprette forringede skoger, og i betydelig grad øke gjenreising og nyplanting av skog på globalt nivå.*



**Delmål 15.5:** *Iverksette umiddelbare og omfattende tiltak for å redusere ødeleggelsen av habitater, stanse tap av biologisk mangfold og innen 2020 verne truede arter og forhindre at de dør ut.*



**Delmål 15.8:** *Innen 2020 innføre tiltak for å unngå innføring og spredning av fremmede arter for å redusere fremmede arters påvirkning på land- og vannbaserte økosystemer i betydelig grad, og dessuten kontrollere eller utrydde prioriterte fremmede arter.*



**Delmål 15.9:** *Innen 2020 integrere verdien av økosystemer og biologisk mangfold i nasjonale og lokale planleggingsprosesser.*

FNs berekraftsmål utgjer ei felles planleggingsplattform der dei 17 overordna måla er tett samanvevde. I ein kommunedelplan for naturmangfold vil det vera nærliggjande å trekke dei tydelegaste linjene mellom mål 14 og 15 og mål 13 – *stoppe klimaendringane*. Robuste økosystem og varetaking av biomangfold er ein føresetnad for at naturtypar og artar skal kunna tilpassa seg klimaendringane. Andre påverknader som fysiske inngrep og forureining kan bidra til å endra forholda for artar og økosystem og moglegheitene dei har for å tilpassa seg klimaendringane. Det er den samla belastninga som avgjer kor utsett artane er. Naturmangfold og klimaendringar har òg samverkande effektar. Økosystem kan binde og lagre karbon, og system som myr, skog eller kystøkosystem er spesielt karbonrike.

#### 2.4.4 Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging skal ligge til grunn for kommunens samfunns- og arealplanlegging. Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Å skape økologiske berekraftige samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvalting er ein av dei fire hovudutfordringane som regionale og lokale myndigheter skal handtere.

#### 2.4.5 Regionale føringar

Regional planstrategi (RPS) er fylkeskommunen sitt overordna plandokument. Den regionale planstrategien (2020 – 2024) er bygd opp rundt FN sine 17 globale berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane. I planstrategien finn ein mellom anna følgjande planer som kan vere relevante til det kommande arbeidet med kommunedelplan naturmangfold:

- Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2020 – 2024
  - Langsiktige utviklingsmål der føremålet er å bli miljøfylke nr 1.
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi (Ny tverssektoriell plan)
  - Føremålet er ein felles og heilskapleg satsing for å få ned klimagassutsleppa, hindre tap av naturmangfold og hindre forureining.

- Regional plan for vassforvaltning (Skal reviderast)
  - Oversikt over, og forvalting av vassressursar i eit langsiktig perspektiv
- Fylkesstrategi for Møre og Romsdal
  - Formålet er å gi retning for utviklinga av landbruket på eit regionalt nivå og bidra til å styrke landbruksnæringa i fylket.

I tillegg vil ulike forvaltningsplaner og skjøtselsplaner samt andre fagrapportar for diverse naturområde utarbeida av Statsforvaltaren òg gje føringar for det kommande planarbeidet.

#### 2.4.6 Andre sentrale lovverk

Det mest sentrale lovverket for å styre arealbruken i kommunen er plan- og bygningsloven (tbl). Lova skal sikre samordning og avveining av ulike samfunnsinteresser. Kommunen må ta omsyn til nasjonale, regionale og lokale miljøinteresser i arealplanlegginga. I arealplaner skal kommunen legge premisser for å ta omsyn til klima-, natur- og friluftsområde og miljøkvalitetar.

Naturmangfaldlova (NML) er eit anna viktige verkemiddel for å ta vare på naturmangfaldet. Lova gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek beslutningar som har konsekvensar for naturmangfald. Tiltak som òg i utgangspunktet blir regulert av anna lovsgiving skal vurdere saken etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova og vurderinga skal gå fram av beslutninga.

Forureiningslova gje kommunane ein rekke med ansvar og verktøy for mellom anna unngå forureining og skade på miljøet. Lova er sektorovergripande med eit prinsipp om at forureinar betalar.

Vassressurslova, saman med mellom anna pbl og lakse- og innlandsfiskelova, der tiltak i vassdrag treng løyve etter. Her har kantvegetasjonen ei viktig økologisk rolle. Dei fungerar mellom anna som erosjonsvern, bidreg til å fange opp avrenning og auka det biologiske mangfaldet gjennom leveområde, korridor, skjul og skugge for å nemne nokre funksjoner.

Andre relevante lovar og forskrifter er til dømes er viltlova, laks- og innlandsfiskelova, forskrift om utvalde naturtypar, kulturminnelova, jord- og skogbrukslova

### 3 Viktige tema

Kommunedelplan for naturmangfald skal syne korleis ein sikra berekraftig forvaltning av naturen i Vestnes kommune. Eit større og meir presist kunnskapsgrunnlag og målretta tiltak vil vere ein viktig strategi i dette arbeidet.

Tabell 1 viser tema som kommunedirektøren meiner det er viktig å kome nærmare inn på kommunedelplanen. I planen må ein definere kva tiltak som må settast i gang for nå måla kommunen har satt for naturmangfaldet. Tiltaka vert utarbeida som ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgast opp dei fire kommande åra og skal i utgangspunktet reviderast årleg.

Dei tema som ein ikkje greier å utrede grunna t.d. kunnskapsmangel eller metodikk, vert omtala i handlingsplanen.

Tema	Utgreiing
<b>Generelle tema</b>	
Kunnskapsgrunnlaget	For å kunne ta vare på naturen, må ein vite kva natur ein har. Noko av naturmangfaldet er allereie kartlagt i Vestnes. Kor manglar vi kunnskap om naturmangfaldet for å ta berekraftige val i arealplanlegginga og anna planlegging? Innanfor kva område/naturtypar trenger ein meir kunnskap for å prioritere mellom ulike interesser?
Digitalisering	Det ligg ein del kunnskap i forskjellige kartløysingar, planer, strategiar, notat. Ikkje alt er digitalisert. Vi treng ein samanstilling og digitalisering av all relevant og datert kunnskap. I samband med digitalisering og kartleggingar i planarbeidet, vil ein sørge for at all relevant informasjon blir lagt i nasjonale data baser slik at det er tilgjengelege for flest mogleg.
Samanhengande naturområde/GIS analyse	For å få ei forståing på korleis ein kan knyte saman fragmenterte naturområde samt større naturområde, må ein vite kvar den økologiske korridoren er brote. Dette krev GIS-arbeidet kobla saman med god kunnskap om naturområdets funksjon. Eit viktig element i ei slik analyse vert å sjå på kommunens restareal eller områder som kan ha ein kombinert bruk til fordel for naturmangfald.
Samla belastning	Fleire viktig naturområde kan stå i fare for å miste sin økologiske funksjon grunna fragmentering og ei auke i samla belastning. Enkeltiltak treng ikkje å utgjere dei store inngrepa, men når blir summen av kvart enkeltinngrep kritisk? Kven har satt målet på naturmangfaldets bereevne, og kva er den? Korleis sikre god naturforvaltning på tvers av eigedom- og kommunegrenser?

<b>Restaurering av øydelagt natur</b>	Det ligg føre eit behov for å ein oversikt over kva naturtypar som er aktuelle for restaurering. Restaurering vil vere ein viktig del for både å auke og bevare artsmangfaldet i kommunen. Korleis kan vi sørge for fleire samanhengande naturområde? Kva kan vi restaurere, og korleis skal vi skjøtte restaurert natur? Kvar og korleis kan vi retablere meir natur?
<b>Kompenserande tiltak ved å øydelegge/negativ påverknad på naturmangfaldet.</b>	Dersom eit tiltak medfører tap av naturmangfald, bør det krevjast at det gjennomførast kompenserande tiltak innanfor eller utanfor planområde, såkalla økologisk kompensasjon? Vi ønskjer å undersøkje om dette er eit verkemiddel som kommunen kan nytte. Og kan dette vere eit første steg der Vestnes vert arealnøytral? Der målet er netto null tap av naturmangfald.
<b>Formidling av kunnskap og haldningsskapande arbeid</b>	Veit innbyggjarane i Vestnes kvifor det er viktig å ta vare på naturmangfaldet? Kvifor er det viktig at gamle trær bør stå, sjølv om dei står i vegen for sola eller fyller takrenna vår med lauv på hausten? Eller kva med opne vassvegar i jordbrukslandskapet? Kvifor det er viktig at kantsoner langs bekkar og elvar for vakse att med busk og kratt?
<b>Arealforvaltning og planlegging</b>	
<b>Arealbruk</b>	Korleis vi (for)brukar areala våre, påverkar naturen. Kva for areal er avsett til bevaring av naturmangfald? Kan etablering av eit arealrekneskap vere ei god løysing? Er det mogleg med administrativt og lokalpolitisk vern av viktige lokalitetar? Og korleis tek ein omsyn til kvardagnaturen i dette? Med prognosar som viser ei negativ folketalsutvikling for Vestnes kommune, då burde vel ikkje arealbruk vere den viktigaste negative faktoren for naturmangfaldet i kommunen?
<b>Verkemidlar i plan- og bygningslova</b>	Kva verkemiddel har plan- og bygningslova som ein kan nytte i arbeidet med å både fremje og

	styrke naturmangfaldet i kommunale arealplanlegging.
<b>Landbruk</b>	Måten ein driv landbruket på, har stor innverknad på naturmangfaldet. Dei fleste av dei trua artane finn ein i skogen. Det kan ligge føre fellesinteresser, men også ein del motsetjingar.
<b>Trua og sårbar natur</b>	
<b>Bevaring</b>	Det beste er å bevare eksisterande natur. I dag har verneområde det sterkeste vernet etter lova. Har ein andre måtar å beskytte naturområde på?
<b>Raudlista</b>	Ei oversikt over kva vi har av artar og naturtypar som har eit ekstra behov for tiltak grunna deira sårbarheit eller sjeldanheit. Kvar må kommunen ta eit ekstra ansvar? Kva raudlista artar og naturtypar har vi i Vestnes og kva forvaltningsansvar følgjer med desse? Kva truslar finn ein lokalt?
<b>Lokalt viktig natur</b>	Her inngår og graden av sjeldanheit, det vil seie artar/naturtypar som ikkje er på nasjonal raudliste, men som likevel kan vere lokalt viktig og sjeldan. Kva truslar finn ein lokalt?
<b>Sjøaurebekkar</b>	Tilstanden for sjøaurebestanden i Møre og Romsdal er godt kjend. Nedslamming, forureining, vandringshindre i bekkane våre, er nokre døme på inngrep som gjev eit stort tap av gyte- og oppvekstområde. Kvar, og kva tiltak kan ein gjere for å betre leveområda for sjøauren?
<b>Natur- og artsmangfold i sjø.</b>	Kva er status for naturtilstanden i sjøen? Vi har dårlegare kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet og trugslane i sjøen enn på land. Kva betyr utslepp av miljøgifter og næringsstoff for mangfaldet i fjordane våre?

	<p>Det er eit stort behov for å kartlegge det biologiske mangfaldet i sjøen nærmare. Kva har vi ar trua og sårbare artar? Kva med framande artar? Korleis kan vi sørge for at biologiske mangfaldet vert teke omsyn til i ein allereie sterkt pressa situasjon? Bør ein ha hummar fredningsområde i Vestnes?</p>
<b>Vassmiljø</b>	
<b>Vassforvaltning</b>	Kommunalt avløp og avrenning frå landbruket utgjer framleis ein trugsel mot målet <i>god økologisk tilstand</i> for mange elvar og bekkar. Saman med regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vurdere tiltak for betre den økologiske tilstanden til dei ulike vassførekostane.
<b>Strandsoner/marine bunnsystemer</b>	
	Sjøområda i kommunen er allereie underlag anna planverk jf. Interkommunalplan for Romsdalsfjorden. For å kunne verdsette natur og vurdere eventuelle tiltak, kan det likevel vere aktuelt å vurdere enkelte naturtypar innanfor marinebunnsystem, spesielt der desse har stor betydning for naturmangfaldet på land.
<b>Kulturlandskap</b>	
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>	Slåttemark er utvælt naturtype. Det er behov for ny statusvurdering, samt betre kunnskap og meir målretta skjøtsel av desse. Treng betre oppfølging av statleg og regionale tilskot. Kan landbrukets tilskotsordningar i ein større grad enn i dag fremje naturmangfaldet?
<b>Vilt</b>	
<b>Økologiske spreiingskorridorar</b>	Finst det økologiske korridorar som knyt saman leveområde for vilt som bør tas vare på? Kva er kritiske moment som må ligge til grunn for at viltet skal kunne bevege seg mellom desse områda.

<b>Viltforvaltning</b>	Bevare viltets leveområde og sørge for at desse heng saman. Kva er status i dag? Korleis ta vare på trekkruter? Viltkart? Hjorteviltforvaltning styrt gjennom bestandsplaner.
<b>Framande artar</b>	
<b>Framande artar</b>	<p>Spreiing av framande artar er ein av dei alvorlegaste truslane mot det biologiske mangfaldet. Kampen mot framande artar er avhengig av brei sektorinnsats, der både offentlege etatar, private aktørar og organisasjonar gjer sin del av jobben.</p> <p>Planarbeidet skal synleggjere ansvarsfordelinga rundt bekjemping av slike artar samt kva artar/område som skal prioriterast. Korleis sikre finansiering av dette kostbare arbeidet?</p> <p>Grunna manglende kunnskap og metodiske problem knytt til hindring av spreiing og nedkjemping, gjer at ein ikkje har med konkrete tiltak for marine artar</p>
<b>Berekraftig bruk (hausting, friluftsliv m.m)</b>	
<b>Skogbruket</b>	<p>Korleis kan skogbruket utviklast lokalt, slik at verdiskapinga auka, men samstundes sørge for at naturmangfaldet, kulturverdiane, omsyn til friluftsliv og landskap sikrast?</p> <p>Framheve frivillig vern av skogsområde som har høyt innslag av biologisk mangfald og er viktige økologiske funksjonsområde.</p>
<b>Jakt og fiske</b>	<p>Kommunen er ein viktig aktør i hjorteviltforvaltinga. Både i høve jaktrettshavarane, men også andre omsyn som t.d. oppleveligar, biologisk mangfald, påkøyrslar og andre skader.</p> <p>Kommunen er lokal forvaltningsmynde etter laks- og innlandsfiskloven.</p>

<b>Friluftsliv og rekreasjon</b>	Det er ein viktig samanheng mellom tilgang til naturområde og innbyggjarane fysiske og psykiske helse. Å leggje til rette for naturopplevingar gjennom friluftsliv og rekreasjon er ein viktig oppgåve for kommunen. Samstundes toler ikkje all natur slike menneskelege forstyrringar. Kan planarbeidet bidra til å synleggjere kvar friluftsliv/rekreasjon ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldet. Det er ikkje meint å gjennomføre ei kartlegging av friluftslivområde.
<b>Forsøpling</b>	Det kjem fram av kartleggingar her på Vestlandet at det er enorme mengder landbruksplast i vassdraga. Ein veit og at gummipellets frå kunstgrasbaner er på avveie og sannsynlegvis havner i vassdrag og sjøen. Korleis kan vi få ein betre forståing av omfanget av forsøpling knytt til sjø og vassdrag, og korleis kan vi hindre det?

Klima og naturmangfald	
<b>Klima og naturmangfald</b>	FN definerer to miljømessige, globale hovudutfordringar; klimaendringar og tap av naturmangfald. Ikkje alle klimatiltak er gode naturforvaltingstiltak. Ein viktig del av planarbeidet vil vere å sjå på samanhengar mellom konsekvensar av lokale klimatiltak og arealbruksendringar, og kva konsekvensar dette har for naturmangfaldet (artar, naturtypar, økosystemtenester) og karbonoppnak og lagring. Klarer vi å framheve konsekvensane av arealbruksendringar og fragmentering av leveområde både i høve klima og naturmangfaldet.

## 4 Organisering av planarbeidet

### 4.1 Organisering av planarbeidet

Kommunedelplanen utarbeidast i regi av Teknisk eining. Saksbehandlar for miljø- og landbrukssaker er hovudsvarleg for framdrifta av planarbeidet. Eininga inkludera elles fagpersonar knytt til plan, forureining, skogbruk, VA, og byggjesak.

Då kommunen har motteke støtte frå Miljødirektoratet for utarbeiding av kommunedelplan, er det førebels vurdert at ein vil kjøpe/leige inn ekstern kompetanse for heile eller delar av planarbeidet.


#### 4.2 Planprosess og medverknad

Varsel om oppstart av arbeidet med kommunedelplan for miljø og naturmangfald skjer samstundes med at planprogrammet sendes på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn, i tråd med Plan- og bygningsloven § 4

Planen utarbeidast som ein kommunedelplan og skal følgje krava i plan- og bygningsloven, jf. § 11-1. Planprogrammet vil vere eit grunnlagt for vedtak i Planutvalet og det vidare planarbeidet. Ved å sende planprogrammet på høyring og kunngjere planoppstart, gje vi moglegheita til å kome med innspel på kva planen bør innehalde samt korleis ein ønskjer å medverke til planen.

Mens planen er på høyring, er det aktuelt med medverknadsmøter med aktuelle myndigheter spesielt Statsforvaltaren samt ulike interesseorganisasjonar, grunneigarar og andre partar ein finn naudsynt.

Deling av informasjon og planarbeidet gjennom nettsider og sosiale media vil vere viktige kanalar som ein vonar vil auke medverknaden. Om mogleg, vil ein gje innbyggjarane moglegheit til aktiv medverknad i planarbeidet gjennom innspelskart og sosiale media der ein kan sende inn kart, biletar og skriftleg innspel. Informasjonsmøte kan òg vere aktuelt. Medverknad frå barn og unge skal sikrast gjennom møte med ungdomsrådet samt kontakt med skulane.



Figur 5: Framdriftsplan for kommunedelplan naturmangfold, Vestnes kommune.